



Einebustad med adresse Uskedalsvegen 703 er eit av tre salsobjekt på Tveitane.

**I ein oversikt i Kvinnheringen nyleg kom det fram at 6 hus/bustader ligg ute for sal i Uskedalen. Tre av desse ligg på Tveitane langs Uskedalsvegen, del av tremannsbustad ligg i Halsabrotet 7B og del av tomannsbustad ligg i Ospelunden 9A. Det har til tider vore god omsetnad på husvære i Uskedalen. Det som er av leilegheter, er delvis utleigd i samband med Hydrouitbygginga på Husnes.**

Bente Jorunn Aamodt eig det eine huset på Tveitane med adresse Uskedalsvegen 703. Ho er godt nøgd med at Uskedalen.no legg ut og skriv om aktuelle salsobjekt. Huset hennar har ei buareal på totalt 160 rutemeter. Byggeåret er 1982 og tomten har ein storleik på knappe ein dekar. Huset ligg vakkert til med god utsikt til Storsund og Kvinnhersfjella i nord. Prisen er sett til 1,750 mill.kr. Det er Eiendomsmegler1 som sel huset.



Det er leiligheten i midten av tremannsbustaden som er lagt ut for sal. Huset ligg sentralt og vakkert til med utsikt mot Storsund, Skorpo og Hardangerfjorden i vest og nordvest.

Den same meglaren står for sal av tremannsbustad i Halsabrotet. Det er nybygg frå 2018 med eit buareal på vel 100 rutemeter. Bustaden, som er på eit plan, ligg solrikt til, sentralt i Uskedalen med gangavstand til butikk, båthamn, badestrand og andre sentrumsfunksjonar. Prisen er 2,190 mill kr og det har alt vore visning.



[Del av tomannsbustad i Ospelunden vert seld gjennom Eiendomsmegler Vest.](#)

Del av tomannsbolig med adresse Ospelunden 9A vert seld gjennom Eiendomsmegler Vest. Bustaden har eit bruksareal på 130 rutemeter. Byggeåret er 2016. Det er ein praktisk bustad på eit plan og med gjennomgåande god standard. Det er carport ved inngangen og elles parkeringsareal på tomten. Prisen er sett til 2,450 mill. kr.

Hydro Husnes treng 90 nye tilsette ved utbygginga av verket. Vi ser alt no at Hydrouitbygginga har positiv effekt i Uskedalen. Dette gjeld særleg i høve til å ha ein plass å bu i anleggstida og seinare når B hallen er oppgradert og vert sett i drift i 2020.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Bilete: Bente Jorunn Aamodt/Kristian Bringedal